

**Fra:** Kjell Gitton Håland (Kjell.Gitton.Haland@vlfk.no)

**Sendt:** 13.09.2020 14:34:25

**Til:** Politisk

**Kopi:** Stian Jean Opedal Davies; Per Morten Ekerhovd; Gunn Åmdal Mongstad; Kjell Gitton Håland

**Emne:** Spørsmål om vidare drift av Kulturfestivalen i Førde - til møtet i KULII 16.09.

**Vedlegg:**

Til: Vestland fylkeskommune v/fylkesdirektør Per Morten Ekerhovd

Frå: Gunn Åmdal Mongstad (SP) og Kjell Håland (AP)

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vart i førre møte den 08.09.d.å. orientert om at Vestland fylke har sagt opp samarbeidsavtalen om planlegging og gjennomføring av den årlege Kulturfestivalen i Førde. Samarbeidsavtalen mellom Sogn og Fjordane foreining for utviklingshemma (NFU), Universitetet i Bergen v/Griegakademiet og Sogn og Fjordane fylkeskommune vart inngått i 2009.

Denne festivalen har vore svært viktig for deltagarar frå heile Sogn og Fjordane, og Sogn og Fjordane fylke har gjennom mange år hatt ei aktiv rolle i dette arbeidet. Festivalen har samla deltagarar som elles har lite tilgjenge til slike arrangement, og på festivalen får dei delta aktivt på ulike kurs, leia av profesjonelle kunstnarar og aktørar. M.a. har Griegakademiet v/Universitetet i Bergen lagt studentane si deltaking inn i studieplanane sine.

Vestland fylke opplyser til NFU at den fylkeskommunale bistanden frå no av vil vere av meir rettleiande karakter, og at festivalen må søkje om midlar gjennom eksisterande tilskotsordningar.

Kulturfestivalen i Førde er eit yperleg døme på eit vellykka samarbeid mellom tilsette ved fylkesmusikkterapisenteret, NFU Sogn og Fjordane og Fylkeskommunen, og det vil være svært viktig at dette tilbodet blir sikra vidare drift - og om mogleg utvida til å gjelde heile Vestland fylke.

Korleis ser fylkesdirektøren føre seg at ein kan sikre vidare drift for Kulturfestivalen, og vil ein ta initiativ til å sikre at festivalen blir eit fast årleg tilbod som også kan utvidast og utviklast vidare?